

Notat

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Plan og byggesak/Lennart Falkenberg-Arell
Vår referanse: 20/13896 - 5 / GBNR-144/1, FA-L42
Dato: 20.08.2020


Emne: Opprettning av planteam - Detaljreguleringsplan for Førhovden, gbnr. 144/1

Dette er ein førespurnad om at mottakarane av dette notatet skal kome med eit svar på kven som skal bidra i eit planteam. Svarfrist vert sett til 27.8.2020, og kan sendast til e-post: lennart.falkenberg-arell@alver.kommune.no Har dykk nokon spørsmål kring saka, kan eg også nås via telefon: 453 76 638

Dei første arbeidsoppgåvene for planteamet vil vere å delta på eit formøte, og deretter oppstartsmøtet for reguleringssplanen.

Ein kort presentasjon av planinitiativet (sjå vedlegg for sjølv planinitiativet):

Formålet med planen å legge til rette for oppføring av ca. 5-10 bueiningar på Førhovden i Kvamsvågen (Skarsvegen 236). Området er i KDP for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031 avsett til bustadformål.



Eksisterande busetnad i planområdet fordeler seg på 5-6 bustadhus og ca. 2-3 fritidsbustadar i området på Førhovden. Landskapsrommet er prega av å vere eit gammalt kulturlandskap med ei rekke eldre driftsbygg og våningshus. Det er ei rekke kulturminne av ulike type i

område og nokon bygningar med SEFRAK status. Næraste barnehage er Hilland familiebarnehage og nærmeste barneskule er Alversund skule.

Nord og sør i planområdet er det faresone, ras- og skredfare (H310). Rød- og gul støysone (H210 og H220) frå fv. 404. Sentralt i planområde ligg og ein bandleggingssone etter lov om kulturminner (H730). Sør i planområdet går byggjegrense mot sjø/strandsone (grå stipla line).

Planområdet omfatta delar av reguleringsplan for Fv. 404 Kvamme – Fossevatnet, Nasjonal arealplanID 1263_201112. Planinitiativet legg opp til å tilpasse seg vegplanen.

Sentrale tema til formøte:

VA, overvatn og sløkkjevatn:

Kapasitet på eksisterande VA-anlegg i område og tilgang til sløkkjevatn, behov for utbetringar? Nokon kjende utfordingar med handtering av overvatn i område?

Vegstandard, tilkomst brann og renovasjon:

Vi krev 4 meters køyrebane som skal fåle 12 tonns akseltrykk. Er det god nok plass for brann og renovasjonsbilar til å manøvrere i område?

Rekkjefølgjekrav samferdsle:

Planen vert omfatta av rekkjefølgjekrav 2.5.2 frå KDP Knarvik-Alversund med Alverstraumen. I KDP for trafikksikring 2017-2020 er del av fv. 404 Skarsvegen vurdert som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, sjå s. 40, 54, 55, 57, 78, 97 og 103. Skal det stilles nokon spesifikke rekkefølgjekrav til planen om utbetringar langs fylkesvegen?

Rekkjefølgjekrav ras- og skredfare:

Skal det ved innlevering av planforslag stilles krav om geologisk vurdering av ras- og skredfare, særleg i tilknytning til plassering av bygg og leikeplass?

NVE kjem til hausten med ei ny rettleiar for korleis ras- og skredfare rapportar skal utformast.

Barnehage og skulekapasitet:

Er det kapasitet for fleire born i nærliggande barnehager og ved Alversund barneskule?

Kulturlandskap og kulturminner:

Skal det stilles særlege krav til arkitektonisk utforming av bygg og landskap?

Skal det stilles særlege krav til korleis ein skal sikra at eksisterande kulturminner ikkje vert forvitra av utbygginga?

Uteoppahaldsareal og leikeplass:

Plassering av leikeplass og uteoppahaldsareal for den enkelte tomt må opparbeidast i område mest mogleg skjerma frå støy. Skal det stilles krav om støyanalyse?

Planområdets avgrensing:

Er forslag til planområde sin avgrensing fornuftig eller bør den justerast?

Kan kart og oppmåling henta ut SOSI frå fv. 404 planen som plankonsulent kan nytta seg av i det vidare planarbeidet?